Hordaland
18 NOV 1967
landbruksselskap



# Skyldskifte

8251 67
08251 15.12.67
NORDHORDLAND
SORENSKRIVERI

Laurdag den 11-11 1967 heldt me underskrivne, som er oppnemnde av lensmannen, skyldskifte på garden Nåmdal

gr.nr. 82 br. nr. 3 med skyld mark 90 öre Modalen herad.

Alf Nåmdal har kravt skyldskifte og har grunnboksheimel til eigedomen.[1])

Oppnemninga av skyldskiftemennene ligg ved. Dei har gjeve skjønsmannslovnad så nær som[2]) ...

Ved tenesta møtte Bjarne Nåmdal, O Steinsland, Å Almelid

Av partane[3]) Alf Nåmdal, Eilev Nåmdal.

Av grannane[3]) Mötte Bjarne Nåmdal ikkje fleire grannar.

Til formann vart vald Å Almelid

Opplysningar om den/dei part/partar av eigedomen som er fråskild:

1. Vidd: Dyrka jord 0 dekar, naturleg eng og kulturbeite 0 dekar, produktiv skog 100 dekar, anna vidde 200 dekar — i alt 300 dekar.

2. Grensene[4]) til den/dei fråskilde part/partar:

Feltet grensar i Sör mot Eilev Nåmdals bite
I vest mot Nåmdalsfjellet
I nord Steinslands grenser på Sonörstakken,
I aust mot Nygård og Øvre-Hellands bite.
Utdrag av delelinie Emillom Skogteigane som er frådelt gardsnr. 82 brnr. 3 til gardsnr. 82 brnr. 1 i Modalen.

---

1) Utan at den som har kravt skyldskifte har grunnboksheimel, eller det er sagt dom for at han eig den fråskilde eigedomen, kan ikkje skyldskiftet godtakast til tinglysing. (§ 1 i lov om skyldskifte.)

2) Er det nokon av skyldskiftemennene som ikkje har gjeve slik lovnad som er nemnt i § 20 i lov nr. 1 frå 1917, skal han før tenesta tek til, skriva under ei fråsegn med denne ordlyden: «Eg lovar at eg i alle saker vil gjera tenesta mi som skjønsmann samvitsfullt og etter beste overtyding ........... den...... 19...... (underskrift.» Denne fråsegna skal sendast til sorenskrivaren saman med skyldskiftedokumenta.

3) Er det nokon av grannane eller partane i skyldskiftet som ikkje møter, må ein her skriva om det er prova at dei er varsla. Like eins om det er grannar ein har funne det uturvande å varsla (§§ 2 og 8 i skyldskiftelova).

4) Sjå §§ 3 og 8 i skyldskiftelova. Ein skal ikkje skriva grensene mot granneeigedomen utan at eigaren er til stades og samtykkjer i det som vert skrive.
Har nokon av partane kravt at skyldskiftemennene skal avgjera sjølve markeskilet, samstundes med skyldskiftet, (§ 7 i lova), må dei her skriva det som trengst. Det må ikkje skipast bruksrett eller servitutt i skyldskiftet, utan at heftet er vedteke skriftleg av den som har grunnboksheimel til den eigedomen heftet gjeld (§ 5 i lova).

Nr. L. 355. Norsk Skjemaforlag, Bergen

Rett kopi bekreftes
Liv Eirin Olsrud
STATENS KARTVERK

Urateigen ligg mot utskiftningsfeltet i sydvest med delelina sydaust norvest, ved Krossdalselvi er kross i fjell, vidare ca 100 m. til kross i stor stein, derfrå ca 30 m. til kross i fjell.
Noraustre delelina går frå stor stein ved Krossdals-elva til bjørk med kross ca 50 m, vidare rettlina til fjellhamar. Sudvestre delelina av Vårstølteigen går frå nedsett stein ca 40 m. opp frå Krossdalselva, vidare til bjørk med kross ca 70 m. derfrå rettlina til stein på fjellet. Nordaustre lina går frå Krossdals-elva etter Vårstølbekken vidare til fjells.
Storaunsteigen sydvestre delelina går frå kross i svaberg ved Krossdalselva vidare rettlina til ein stiil fjellhamar.
Noraustre delelina går frå Krossdalselva etter Storaunsbekken til fjells.
Sydvestre delelina i Skredteigen går frå Krossdals-elva til stein på myr ca 40 m. vidare til ein hamar under fjellet.
Noraustre delelina går frå kross i Steinhella ved Krossdalselva, vidare mot nord etter Skredbekken til kross i stein.

1. Gjeld delinga eigedom som vert nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk?[1]) Skogbruk

2. Finn skylddelingsmennene det godtgjort at den parsellen som no vert fråskilt eigedomen skal nyttast til føremål som ikkje tek sikte på jordbruksproduksjon?[2])
Nei

3. Kva rettar eller gode som høyrer eigedomen til kjem inn under delinga?[3])

STATENS KARTVERK

[1]) jfr. § 55 i lov av 18. mars 1955 om tilskiping av jordbruk (jordlova).
[2]) jfr. § 54 (jordlova).
[3]) jfr. § 55 (jordlova).

*Me vitnar:*

a) At det ikkje er skipa nye hopehav ved skiftet. Likevel har me samtykt i at det kan vera hopehav i utmarka på denne måten: Felles beiterett

Me har ikkje funne det tenleg å skifta meir enn som gjort er.[1])

b) At kvart bruk har fått eit so lagleg skap for freding og drift som det er høve til. Skylda på den/dei fråskilde part/partar er sett til mark 10 øre

Hovudbruket har att ei skyld på mark 80 øre

Hovudbruket har att denne vidda: Dyrka jord 3 dekar, naturleg eng og kulturbeite 15 dekar, produktiv skog 0 dekar, anna vidde 0 dekar, i alt 18 dekar.

Den/dei fråskilde part/partar fekk bruksnamnet[2]) Tillegg til bnr. 1

Kostnaden med skyldskiftet og tinglysinga ber: [3])
Kostnaden ved skyldskifte vert delt millom partane. Eiler Nåmdal kostnaden med tinglysing

Me gjorde partane kjende med at dei kunne anka skyldskiftet til overskjøn, dersom dei er misnøgde med den skylda som er sett eller med det markeskillet som er fastslege. Krav om overskjøn må vera kome til sorenskrivaren seinast 3 månader etter at dette skyldskiftet er tinglyst.

Me sannar at me har gjort tenesta vår etter beste skjøn og overtyding og i samsvar med skjønsmannslovnaden.

Me har vedteke at Å. Almelid skal senda skyldskiftedokumenta til sorenskrivaren til tinglysing.

Aasmund Almelid  Bjarne Nåmdal

Oddm. Steinsland

STATENS KARTVERK

[1]) Stryk det som ikkje skal vera.
[2]) Til bruksnamn må ein ikkje velja namn som alt er i bruk som slektsnamn, utan at det er ålment nytta, jfr. § 24 i lova om skyldskifte.
[3]) Er det ikkje nemnt, eller har ikkje partane gjort avtale om kven som skal bera kostnaden ved skyldskifte, skal skyldskiftemennene avgjera det.

Går til Modalen. jordstyre.

*Fråsegn frå jordstyret:*

Modalen jordstyre har i møte den 28.september 1967 gjeve slik fråsegn: Jordstyret rår samrøystes til at gnr.82, bnr.1 får kjøpa dei omsøkte skog og beiterettar av gnr.82, bnr.3.

Modalen, den 16.november 1967.

Jakob Nesel
formann

sekretær

Går til Hordaland landbruksselskap.

*Fråsegn frå fylkeslandbruksstyret:*

~~Sjå vedlagte utskrift av fylkeslandbruksstyret si møtebok frå møte 23/10-1967.~~

Hordaland landbruksselskap
Fylkeslandbruksstyret

Bergen, den 21/11 1967.

E. f. Paul E. Moberg

~~formann~~ fylkeslandbrukssjef

Godteke til tinglysing 19

Tinglyst

Den/dei fråskilde part/partar har fått gr.nr. 82 br.nr. 12

For tinglysing kr.